



Kaia ved bøkkerverkstaden vart uoffisielt opna tidlegare i sommar med eit brudlaup, men no kjem den offisielle markeringa. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Snart er det klart for årets høgdepunkt i Bøkkerverkstaden på Rød – kystkulturkvelden som denne gongen blir arrangert for ellefte gongen. Det skjer på sjølvaste jonsokafta laurdag 23. juni. I denne verkstaden vart det drive tønneproduksjon i tretti år, og no er den i ei ny rolle som kulturminne og møteplass.

I år er det ekstra festivitas fordi ei fin kai skal opnast offisielt. Den er nesten 20 meter lang og vel fire meter brei og ein imponerande dugnadsinnsats er lagt ned for å få ho til. Men før opninga finn stad skal mykje skje og dei som enno ikkje har meldt seg på bør gjera det snarast, seier leigending (men likevel primus motor) Kristian til uskedalen.no.

Det er 10-15 ledige plassar for dei som vil oppleva noko unikt i spondungen mellom tønner, garn, ruser, teiner og tauverk.

Borge Olsen kvintett med gjesteartistar kjem sjølvsgagt og det same gjer Arne Torget og Ørjan Bakke samt gjesteinnslag frå Husnesrevyen. Då blir det mykje moro! Etter kaiopninga skal det sjølvsgagt tennast jonsokbål. Menyen er som alltid før lubbesild og potet med skalet på. Overskotet går sjølvsgagt til det nyaste prosjektet, som vil gjera det mogeleg å ta i mot folk som kjem sjøvegen, som i tidlegare tider.

Det er nettopp overskotet frå desse arrangementa som har gjort det mogeleg å satsa på kaia. Likevel er ikkje det nok. Difor vil dei skaffa inntekter ved utleige til blåturgrupper, personalgrupper, lag og organisasjonar. Kva som skal skje heilt konkret i samband med sjølve opninga er det ikkje opplyst noko om, men det blir sikkert noko spanande og spesielt.....

Leigendingen opplyser at ein må ta med drikke sjølv, men dei har alt anna.

Av Ola Matti Mathisen